



ENDRINGSFRAMLEGG

Hareid kommune sitt budsjett 2026



NYE TILTAK – INNSPARINGAR

SEKTOR FOR LÆRING OG KULTUR

Innsparingar i Sektor for læring og kultur		
1	Ressurssenter. Reduksjon årsverk	1 254 900
2	Inntekt. Ressurssenter	300 000
Total innsparing Læring og kultur		1 554 900
3	Auke i integreringstilskot (Tilskot går til finans)	815 100

Punkt 1

Redusere ressursinnsatsen i Sektor for læring og kultur med NOK 1 554 900. Endringa omfattar kutt i løn ved eininga Ressurssenter, og kommunestyret legg til grunn av dette vert handsama i omstillingsprosjektet fase 1 og 2.

Punkt 2

Endringa handlar også om å auke inntektene ved Ressurssenteret slik at ein sikrar ei effektiv drift som balanserer inntekter og utgifter i sektoren.

Punkt 3

Ein kan auke i integreringstilskot slik at det samsvarar med busetjingsvedtaket. Desse tilskota er ført direkte på finans.

SEKTOR FOR VELFERD

Innsparing i Sektor for velferd		
4	Intensivere omstillingsprosjekta fase 1 og 2	2 430 000
Total innsparing, Velferd		2 430 000

Punkt 4

Redusere ressursinnsatsen i Sektor for Velferd med NOK 2 430 000. Kommunedirektøren får i oppdrag å finne innsparingspunkt. Det vesentlige av denne reduksjonen må takast på lønsområdet og kommunestyret legg til grunn at dette vert handsama i omstillingsprosjektet fase 1 og fase 2.

TIDLEGARE SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Tidlegare Sektor for samfunnsutvikling		
5	Intensivere omstillingsprosjekta fase 1 og 2	1 850 000
6	Hareid mottak. Reduserte kostnader	500 000
Total innsparing, Samfunn		2 350 000

Punkt 5

Reduksjon i ressursinnsatsen i sektoren med NOK 1 850 000.

Kommunedirektøren får i oppdrag å finne innsparingspunkt. Det vesentlige av dette kuttet må takast på lønsområdet og kommunestyret legg til grunn at dette vert handsama i omstillingsprosjektet fase 1 og fase 2.

Punkt 6

Hareid mottakssenter reduserer driftskostnadane med NOK 500 000.

SENTRALADMINISTRASJON

Sentraladministrasjon		
7	Kjøp av sentrale tenester/effektivisering	500 000
8	Reduksjon av honorara til politiske representantar	150 000
Total innsparing i sentraladministrasjonen		650 000

Punkt 7

Redusere ressursinnsatsen i sentraladministrasjonen med NOK 500 000 gjennom utvida kjøp av tenester eller samarbeid med andre kommunar. Kommunedirektøren får i oppdrag å finne innkjøps- eller samarbeidsområde og legge fram ei sak om dette til kommunestyret. Det leggst til grunn at dette vert handsama i omstillingsprosjektet fase 1 og fase 2.

Punkt 8

Verbalframlegg 1: *Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei sak om endring av forskrifta som gjeld godtgjerslene til politiske representantar slik at ein kan kutte minst 150 000 kroner totalt i møtegodtgjerslene til medlemmer i kommunestyret, formannskap og utval.*

RAMMEOVERFØRING

9	St.prop. 1 går til å dekkja manglande skjønnsmidlar	3 200 000
	TOTAL INNSPARING/EFFEKTIVISERING/INNTEKT TIL BRUK	11 000 000

Punkt 9

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har bidrege med skjønnsmidlar til omstilling. No varslar statsforvaltaren at desse midlane ikkje kan nyttast som driftsmiddel. I framlegget frå kommunedirektøren var desse midlane lagde inn i drifta, so no lyt dei takast ut att. Dermed vert dette ei utgift som må dekkjast gjennom rammeoverføringar frå staten. Det er venta ein auke på NOK 3 200 000 i auka rammeoverføring, så minst NOK 2 500 000 av dette må gå inn i dette tiltaket.

Ein står att med 200 000 unytta kroner som går til nedbetaling av tidlegare års meirforbruk.

REVERSELTE TILTAK – KOSTNAD (UTGIFTER)

Unngå nedlegging av skule. Tilføre sektoren kr:	3 000 000
Dagsenter. Oppretthalde dette viktige tilbodet	795 000
Eigedomsskatt. Unngå auke i e-skatten ved å tilføre kr:	4 000 000
Barn og unge. Kultur. Næring.	
Mat ungdomsklubben	70 000
Barnefestivalen + div.	90 000
Ungdomsrådet	20 000
Hareidstemna + Vonheim	120 000
Driftskapital 8017 Bustad- og næring	135 000
Totalt: Barn og unge. Kultur. Næring.	435 000
Til å dekkja skjønnsmidlane frå Statsforvaltaren	2 500 000
Kostnadsauke kontrollutvalsarbeid	70 000
TOTAL KOSTNADSAUKE	10 800 000
Balanse	200 000

Merk.: Overskot går til å dekkja tidlegare års meirforbruk

Verbalframlegg 2:

- *Kommunestyret i Hareid går ikkje inn for nedlegging av skular.*
- *Ein ønskjer å oppretthalde dagsentertilbodet for eldre.*
- *Det er heller ikkje ønske om å auke eigedomskatten.*
- *Ein opprettheld eit minimumstilbod til barn og unge som eit forebyggande tiltak gjennom fritidsklubben og kulturtilbod. Kutta til ungdomsrådet, Hareidsstemna, Vonheim og bustads- og næringsutvikling er reverserte.*

Desse tiltaka skal oppretthalde strategien om at Hareid skal vere ei kommune som gjer sitt beste for auka bu-, bygge- og investeringslyst. Auke i innbyggartalet gjev tiltrengt arbeidskraft for å dekkja behovet i næringsliv og kommunen. På sikt dette eit viktig ledd i å betre inntektene til kommunen. Hareid kommune held fram arbeidet med omorganisering og effektivisering av drifta for å redusere utgiftene, handtere ei høg lånegjeld og sikre dei investeringane som vi har gjennomført.

Verbalframlegg 3:

Kommunestyret ber kommunedirektøren trappe opp gjennomføringa av omstillingsprosjekta (fase 1 og 2) med mål om å realisere ytterlegare, ikkje-budsjetterte effektiviseringsgevinstar og moglege kostnadsreduksjonar.

Omstillingsprosjekta skal sikre medverknad ved at brukarar, tilsette og politikarar tek del, og ein legg opp til jamlege orienteringssaker i utval og KST.

NYE TILTAK: INNSPARINGAR/INNTEKT		Beløp	REVERSERTE TILTAK (KOSTNADER)	Beløp
Innsparingar i Sektor for læring og kultur				
1	Ressurssenter. Reduksjon årsverk	1 254 900		
2	Inntekt. Ressurssenter	300 000		
	Total innsparing Læring og kultur	1 554 900		3 000 000
3	Auke i integreringstilskot (Rammetilskot går til finans)	815 100	Unngå nedlegging av skule	
Innsparingar i Sektor for velferd				
4	Intensivere omstillingsprosjekta fase 1 og 2	2 430 000	Dagsenter	795 000
	Total innsparing Velferd	2 430 000		
Tidlegare samfunnsutvikling			Barn og unge. Kultur	
5	Intensivere omstillingsprosjekta fase 1 og 2	1 850 000	Mat ungdomsklubben	70 000
6	Hareid mottak. Reduserte kostnader	500 000	Barnefestivalen + div.	90 000
	Total innsparing Samfunn	2 350 000	Ungdomsrådet	20 000
			Hareidstemna + Vonheim	120 000
			Driftskapital 8017 Bustad- og næring	135 000
			Totalt barn og unge. Kultur. Næring	435 000
Sentraladministrasjon				
7	Kjøp av sentrale tenester/effektivisering	500 000	Eigedomsskatt	4 000 000
8	Reduksjon av honora til politisk representantar	150 000	Statsforvaltaren sine skjønnsmidlar	2 500 000
	Total innsparing Sentraladm	650 000	Kontrolutval	70 000
9	St.prop. 1 går til nedbetaling av gjeld og til skjønnsmidlar	3 200 000		
	TOTAL INNSPARING/EFFEKTIVISERING/INNTEKT TIL BRUK	11 000 000	TOTAL KOSTNADSAUKE	10 800 000
	Balanse	200 000		